



Radøy kommune v/Rådmannen
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 02.06.2015
Vår ref.: 2014/10430-104
Saksbehandlar: chaespe
Dykkar ref.:

Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Radøy kommune

1. Partane

Avtalen er inngått mellom Hordaland fylkeskommune og Radøy kommune.

2. Føremål

Føremålet med avtalen er å regulera samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane i Hordaland knytt til arbeidet med DKS til grunnskulane.

DKS er ein nasjonal satsing som skal medverke til at alle skulelevar i Noreg får møte profesjonell kunst og kultur. Satsinga har blitt til i eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet. Avtalen skal sikre at kunst- og kulturformidlinga i skulen i Hordaland vert gjennomført til beste for alle grunnskulelevar i fylket.

3. Kort om DKS

Følgjande uttrykk er ein del av tilbodet i DKS: visuell kunst, scenekunst, musikk, litteratur, film og kulturarv.

Målsettingar for DKS i Hordaland er:

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod,
- å leggje til rette for at elevar i skulen skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag,
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål,
- å gje born oppleving av kunst og styrke deira eiga skaparevne,
- å styrke born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

4. Innhald.

Avtalen gjeld samarbeid med følgjande innhald:

- 4.1 Profesjonelle tilbod innan film, kulturarv, litteratur, scenekunst, musikk og visuell kunst.
- 4.2 Planlegging, produksjon og gjennomføring av turneane.
- 4.3 Fagleg bistand og tilleggsytingar.
- 4.4 Årlege møter mellom Hordaland fylkeskommune og kontaktpersonar i kommunane.

Hordaland fylkeskommune og kommunen forpliktar seg til samarbeid og innsats på regionalt og lokalt plan å utvikle eit godt tilbod til alle grunnskulelevar i tråd med nasjonale retningslinjer og regionale målsettingar.

5. Økonomi

DKS vert finansiert gjennom årleg tildeling av spelemidlar. Fylkeskommunen vidarefordelar minimum 1/3 av tilskotet til kommunane. For å utløyse midlane må kommunens planar og rapporteringar vera godkjent av fylkeskommunen.

Avtalen bind kommunen til å betale ein til einkvar tid definert sum pr elev pr produksjon pr år. For skulekonsertar betalar kommunen direkte til Rikskonsertane, jamfør avtale mellom Rikskonsertane og den einskilde kommunen.

6. Partane sitt ansvar

6.1 Hordaland fylkeskommune sitt ansvar

- 6.1.1 Forvalte statlege spelemidlar på ein slik måte at det kjem kommunen og skuleelevane i fylket til gode på best mogleg og mest hensiktsmessig måte. Her i sørgje for utbetaling av midlar til kommunen med utgangspunkt i fordelingsnøkkel utvikla av Utdanningsdirektoratet, og etter vedtak i Kultur- og ressursutvalet.
- 6.1.2 Ha ein rådgjevande funksjon, og om ønskjeleg hjelpe kommunen i utvikling av det lokale tilbodet.
- 6.1.3 Oppretthalde nettverket av kommunekontaktar, og årleg arrangere møter som sikrar god dialog mellom det kommunale og regionale nivået.
- 6.1.4 Leverer profesjonelle produksjonar til skulane i Hordaland innanfor visuell kunst, scenekunst, litteratur, musikk, film og kulturarv. Dette inneber:
 - 6.1.4.1 Ansvar for produksjon, turnelegging og gjennomføring av turneane, samt produksjon av eventuelt informasjonsmateriell.
 - 6.1.4.2 Publisere oversikt over programmet for heile skuleåret i forkant av kvart semester.

Hordaland fylkeskommune betaler skyssutgifter for transport av elevar til/frå arrangement i regi fylkeskommunen når turneen er lagt slik at transport er naudsynt. Hordaland fylkeskommune betaler også leige av lokale spelestader der det er naudsynt.

6.2 Kommunen sitt ansvar (etat, kommunekontakt, skule/kulturkontakt)

- 6.2.1 Kommunen skal ha ein kommunekontakt som har DKS som fast arbeidsområde i eit definert omfang som sikrar oppgåva fullt ut. Kommunekontakten bør ha naudsynte fullmaktar til å kunne løyse oppgåva, mellom anna få tilgang til rekneskapsystem som gjer det mogleg å følgje opp økonomi. Kommunekontakten deltek på det årlege dialogmøtet for DKS-kontaktar i Hordaland.
- 6.2.2 Leverer plan, rekneskap og rapport etter gitte fristar. Dersom kravet til bruk av midlane ikkje er oppfylt, eller rapportering og/eller planar manglar, vil kommunen risikere å ikkje få utbetalt midlar.
- 6.2.3 Sørgje for at DKS er eit samarbeid mellom kultur- og skulesektoren i kommunen.
- 6.2.4 Skulen har ansvar for å gjennomføre tilboda frå Hordaland fylkeskommune, og for å knytte dei til skulens læringsmål og aktivitet. Dette inneber:
 - 6.2.4.1 Tilbod frå Hordaland fylkeskommune skal alltid vera med i skulen sine planar.
 - 6.2.4.2 Skulen skal holde seg oppdatert på når tilbodet kjem, og vera førebudd på dette.
 - 6.2.4.3 Skulen skal gje tilbakemeldingar og evaluering etter kvart besøk.
 - 6.2.4.4 Skulen skal leggje til rette arena for mottak av framsyning/konsert etc.
- 6.2.5 Syte for at alle skular har kulturkontakt med klart ansvar i forhold til DKS, og tid til å skjømte oppgåvene. Inkludert i dette inntil ein dag årleg til fagleg oppdatering. Hordaland fylkeskommune skal fortløpande verte orienterte om endringar av kontaktpersonar.
- 6.2.6 Arbeida for at skulane har tilgang til eigna spelestader med moglegheit for blanding og tilstrekkeleg strømtilgang.
- 6.2.7 Halde seg oppdatert på oppsette turnéplanar i Hordaland fylkeskommune sitt program. Kommunen og/eller skulen kan ikkje endre planane utan godkjenning frå fylkeskommunen.
- 6.2.8 Følgje Hordaland fylkeskommune sine oppsette turnéplanar. Dersom kommunar/skular avlyser eit tilbod utan å informere Hordaland fylkeskommune seinast tre veker før

hendinga, kan kommunen bli stilt økonomisk ansvarleg. Unntak frå dette er avgrensa til reine Force Majeure tilfelle.

Vi oppmodar kommunen til å samarbeide med kulturskulen. Vi oppmodar også om å involvere elevar i arbeidet med DKS.

7. Generelle punkt

7.1 Avtaleperiode

Avtalen trer i kraft 1.1. 2016. Med atterhald om at statlege eller fylkeskommunale rammevilkår vert endra, vil avtalen bli vidareført til den eventuelt vert sagt opp av ein av partane. Avtalen kan seies opp av begge partar med eit års varsel.

7.2 Misleghald

Dersom Hordaland fylkeskommune ikkje leverer produksjonar og tenester i samsvar med avtalen, skal ein etter beste evne søkje å gje erstatningstilbod etter avtale med kommunen. Dersom kommunen ikkje overheld sine pliktar i samsvar med avtalen, og avtalebrotet medfører at Hordaland fylkeskommune ikkje kan gjennomføre planlagt formidlingsprogram, kan Hordaland fylkeskommune sei opp avtalen med kommunen med en månads skriftleg varsel. Før ein slik oppseiing vert sett i verk, skal kommunens leiing ha skriftleg varsel. Ein slik oppseiing utløyser ikkje erstatningskrav.

Stad/dato: 08.06.17

Stad/dato:

Hordaland fylkeskommune

Kultur- og idrettsavdelinga

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Radøy kommune